



ÅRSMELDING FOR HORDALAND NEI TIL EU 2019

Innleiing

Hordaland Nei til EU er eit aktivt fylkeslag innanfor kamporganisasjonen Nei til EU. Fylkeslaget vedtek gjennom arbeidsplanen kva aktivitetar styret ønskjer å gjennomføra i løpet av året. Fylkeslaget har eit aktivt styre som møtes stort sett månadleg. Styremøta handsamar vanlege styresaker samt utarbeider planar for aktivitetar som studiesirkklar, opne seminar, deltaking på andre aktivitetar i regi av Nei til EU eller andre aktuelle organisasjonar. I tillegg til eigen vedteken arbeidsplan, er den overordna arbeidsplanen til Nei til EU, vedteken på Landsmøtet, eit viktig utgangspunkt for aktivitetar. Styret har medlemmer som møter på fylkesleiar møte, rådsmøte, i kontrollkomiteen, samt på andre aktivitetar både lokalt og sentralt. Denne årsmeldinga tar for seg arbeidet i fylkeslaget i 2019, og vil i tillegg ha eit kort slutt-kapittel om viktig arbeid i 2020 så langt. Både fylkeslaget og aktive lokal-lag engasjerte seg i valkampen med både stand og opne folkemøte.

Styret

Styret, vald på årsmøte 15. mars 2019, har hatt følgjande samansetjing:

Leiar	Gunnar Rutle
Nestleiar og sekretær	Toril Mongstad
Styremedlem	Anna Nordlund

Desse tre har også utgjort fylkesstyret sitt AU (arbeidsutvalet)

Styremedlem og kasserar	Hildur Straume
Styremedlem	Oddvar Skre
Styremedlem	John Dale
Styremedlem	Ivan Tubez

Vararepresentant	Sigmund Simmenes
Vararepresentant	Tom Eddie Borge
Vararepresentant og kvinnekontakt	Emil Øvretveit
Vararepresentant og rekneskapsfører	Frode Mannsåker

Emil Øvretveit representerer Ungdom mot EU. Då han har vore på utvekslingsprogram i Spania dette året, har han hatt lite høve til å møta i fylkesstyret i 2019.

Aktivitetar i fylkesstyret

Det har vore i alt 11 styremøte i perioden. AU har i tillegg kommunisert på e-post i saker som har gjort krav på det.

Etter siste møte før sumarferie og juleferie, samlast styret til sosialt samvære, noko som er både kjekt og positivt for samhald og kontakt internt i styret.

I tillegg til dette har styremedlemmene delteke i ulike aktivitetar i eigen regi, og i regi av Nei til EU sentralt. Styret har også vore representert på årsmøte i ulike organisasjonar og parti.

Deltaking her har vore ut frå samanfallande interesse og for å informera om eigne saker i form av helsingar, stands og utdeling av materiell. Styret vert også invitert til å delta i møte som andre organisasjonar arrangerer, og når tilhøva ligg til rette for det, prøver me å vera representerte på slike møte.

Medlemsutvikling

Hordaland Nei til EU hadde 1790 betalande medlemmer pr 31.12.2019, mot 1788 året før. Me er ikkje nøgde med dette talet, men har i alle høve ikkje reduksjon i talet på medlemmer. Vervearbeidet vert omtala seinare i årsmelding.

Medlemsutvikling i Hordaland Nei til EU

År	Talet på betalande medlemmer	% av 2011
2019	1790	84,8 %
2018	1788	84,7 %
2017	1736	82,3 %
2016	1866	88,4 %
2015	1808	85,7 %
2014	1822	86,4 %
2013	1945	92,2 %
2012	2031	96,3 %
2011	2110	100,0 %

Medlemsutviklinga på landsbasis Nei til EU

År	Talet på betalande medlemmer	% av 2011
2019	20241	71 %
2018	20845	73,1 %
2017	20707	72,6 %
2016	22517	78,9 %
2015	23183	81,3 %
2014	24118	84,6 %
2013	25812	90,5 %
2012	27332	95,8 %
2011	28524	100,0 %

Aktivitetar i eigen regi

Opne seminar og studiesirkklar:

Opne seminar:

16. mars (i samband med årsmøtet 2019) - Hotell Terminus, Bergen

Privatisering av offentlig sektor. Velferdsprofitørane kontra kommunal drift. Innleiar Helene Bank frå For Velferdsstaten

Like konkurransevilkår for private og offentlege aktørar. Kva betyr det for det offentlege tenestetilbodet? Innleiar er Gunnar Rutle, fylkesleder Hordaland Nei til EU

22. mai – Fagforbundet sine lokale i Åsegården, Bergen

Meldepliktdirektivet. Innledning ved Toril Mongstad, nestleiar i Hordaland Nei til EU

Hjelmengutvalet (Rapport om like konkurransevilkår for offentlige og private aktørar).

Innleiing ved Herdis Helle, sakshandsamar hos kommuneadvokaten i Bergen

Oslomodellen. Innleiing ved Lars Mamen. Tømrar, tidlegare verneombud for byggebransjen i Buskerud, og no prosjektleiar for Fair Play Bygg i Oslo og omland.

EØS og kommunevalet. Innleiing ved Per Olaf Lundteigen, Stortingsrepresentant for Senterpartiet.

25. november – seminar i samband med feiring av 25-års-jubileet for NEI i 1994. Hotell Neptun i Bergen.

Temaet var EØS-avtala, i eit historisk, notidig og framtidig perspektiv.

Innleiarar:

Per Olaf Lundteigen, stortingsrepresentant for SP

Heming Olaussen, tidligare leiar i Nei til EU

Reidun Berntsen Heggen, leiar i Ungdom mot EU

Studiesirkklar:

24. april – Bergen

Innleiar: Morten Harper, tema ACER

6. juni – Bergen

Innleiar: Geir Kvam, tema Transportbransjen

29.10. – Bergen

Innleiar Morten Harper, tema ankesaka etter tap i Tingretten, Nei til EU sitt søksmål mot staten for brot på Grunnlova, samt ACER og energipakke IV

7. november – Bergen

Innleiar: Toril Mongstad, tema fiskeripolitikk og EU/EØS

Årsmøtet – 15. mars – hotell Terminus Bergen

Ordinært årsmøte med middag for medlemmene etterpå

Jubileumsarrangement – seminar og festmiddag – 25. november – hotell Neptun, Bergen

Etter seminaret den 25.11. (omtala tidlegare i denne meldinga), var det festmiddag for medlemmer. Det var eit særers vellukka arrangement med nærare 70 deltakarar, og festlege talar av Gunnar, John og Terje Kollbotn, og med god leiing av Sigmund. Både attendeblikk og framoverskoding i form av gode ord og historiske bilete.

Stands- og verve-verksemd gjennom året

Det har vore arrangert god stands-aktivitet i Nordhordland, særleg i forkant av valet i september. Alver Nei til EU har som mål å stå på stand ein gong i månaden, og har stort sett gjennomført dette. Bergen Nei til EU har arrangert fire standsdagar, to av dei like før valet, og laget deltok på markeringa mot Jernbanepakke IV i Bergen.

2. – 4. august – Etnemarknaden, Toril, Sigmund, Oddvar samt Agathe Børretzen frå Bergen Nei til EU deltok

Deltaking i aktivitetar i regi av Nei til EU sentralt samt i lokallagsaktivitetar

Landsmøte

Det har ikkje vore arrangert landsmøte i 2019

Bergen Nei til EU – årsmøte 28. mars. Fleire frå fylkesstyret deltok

Fagleg seminar 5. april - Oslo

Gunnar, Toril og Oddvar deltok.

Rådsmøte 6. og 7. april - Oslo

Gunnar og Toril deltok. Hildur møtte for Kontrollkomiteen.

Fylkesleiarmøte 25. mai - Oslo

Gunnar og Toril deltok

Fylkesleiarkonferanse 27. september

Gunnar og Toril deltok

Fiskeripolitisk konferanse – 28. og 29. september - Tromsø

Toril deltok

Kvinnepolitisk konferanse - 2. og 3. november - Oslo

Desse deltok: Toril og Anna frå fylkesstyret, Agathe Børretzen og Vivian Midtsveen frå Bergen Nei til EU, Jane Nordlund frå Alver Nei til EU

Jubileumsseminar og fest – 29. november – Oslo

Gunnar, Hildur, Frode, Toril, Oddvar, John samt Tor Sander frå Bergen Nei til EU, Jane Nordlund frå Alver Nei til EU og Solveig Grønlien frå Odda NtEU, deltok

Rådsmøte – 30. november – Oslo

Gunnar og Toril deltok. Hildur møtte for Kontrollkomiteen

Standpunkt

Toril har vore i redaksjonen i Standpunkt, Nei til EU si medlemsavis.

Kontrollkomitéen i Nei til EU

Hildur er medlem i NtEUs kontrollkomité. Hildur har møtt på rådsmøta. Komiteen har elles hatt kontakt og sakshandsaming på e-post.

Fondstyret i Nei til EU

Hildur set i styret i kampfondet (kampfond til bruk ved ein eventuell ny folkeavstemming om tilknytingsform vår til EU). Fondstyret har ikkje hatt møte i 2019.

Kvinneutvalet i Nei til EU

Anna er kvinnekontakt i styret. Anna er og medlem i NtEU sitt kvinneutval.

Deltaking i aktivitetar i regi av andre.

Trondheimskonferansen – 25. – 27. januar 2019, Gunnar, Toril, Anna, Ivan – samt Tor Sander leiar i Bergen Nei til EU, deltok.

10. februar - Årsmøte Hordaland Senterparti, Hildur deltok og held helsingstale

8. mars – fleire frå fylkesstyret deltok og det var eiga parole for Nei til EU: Kjerringer mot at EU skal styre strømmen, ACER-relatert

1. mai – fleire frå fylkesstyret deltok både på solidaritetsarrangementet på Vågsallmenningen og i LOs hovudarrangement i Bergen. Same parole som på 8. mars.

2. november – Senterparti-seminar, Hildur deltok

Økonomi

Rekneskapen for 2019 er gjort opp med eit underskot på kr 30.337.-, eigenkapitalen pr. 31/12-2019 var på kr 728.415.-. Årsmøtet i 2019 ga styret fullmakt til å drifte med eit underskot tilsvarande eit evt bortfall av budsjetterte UD-midlar (som var 60.000). Fylket fekk ikkje UD-midlar for 2019 men planlagde tiltak kunne då likevel gjennomførast.

Fylket har god økonomi. Det kjem seg fyrst og fremst av at me har få lokallag som oppfyller krava til å få kontingentrefusjon. Difor betaler me og inntil vidare m.a. for lokale tillitsvalde si deltaking på sentrale arrangement og andre kurs og konferansar. Frode er rekneskapsfører med Hildur som kasserar og økonomiansvarleg.

UD-prosjekt 2019

Fylkeslaget søkte også i 2019 om UD-midlar, men fekk avslag.

Kontor / lager

Hordaland Nei til EU leigar framleis lagerplass hos Raudt Hordaland i Hans Tanksgate. Det har fungert greitt.

Organisasjon

Ved inngangen til 2019 var det tre aktive lokallag i Hordaland: Askøy, Bergen og Ullensvang. I tillegg er det i løpet av året skipa lokallag i Nordhordland; Alver Nei til EU. Toril Mongstad er leiar for laget. Fylkesstyret hatt også kontakt med fleire av kontaktpersonene i kommunar som ikkje har eige lag.

Pressemeldingar/lesarbrev

Me har hatt lesarinnlegg i Bergens Tidende og i nokre lokalaviser, både i samband med valet og i høve til andre tema. Lokalavisene i Nordhordland, Strilen og Nordhordland, tok inn lesarinnlegg både om skipinga av Alver Nei til EU, og om folkemøte som lokallaget arrangerte i august i samband med valkampen. Klassekampen tok også inn eit lesarinnlegg om EØS.

Media, debatt og heimesida vår

Hordaland Nei til EU har ei aktiv og oppegåande nettside og er også aktiv på Facebook. Alle arrangement vert marknadsførte på Facebook i tillegg til på nettsida. Gunnar og Hildur held nettsida ved like, Anna og Hildur har ansvar for Facebook-sida.

2019 – så langt

Styret er godt i gang med å planleggja aktivitetar som studiesirkel og opne seminar.

Styret vil også fokusera mykje på framleis auke i medlemstalet. I tillegg vil kampen om å få erstatta EØS-avtala stå sentralt

Også i år har me vore på Trondheimskonferansen, 31.1. – 2.2., der Nei til EU hadde for-seminar med Brexit som hovudtema.

Gunnar, Toril, Oddvar og Anna deltok. Det er aukande motstand mot EØS i fagrørsla, og temaet var viktig også på denne konferansen.